

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 25.03.2021

Vår ref.: 202016106-4

Arkiv: 311

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Silje Aakre Solheim/ Ingvild Marie Dybwad

22959544/saas@nve.no

Høyring av søknad om permanent senking av vasstand i Igesundvatn i Herøy kommune i Møre og Romsdal

NVE har motteke ein søknad frå Herøy vasslag SA, datert 25.02.2021, om løyve til permanent senking av vasstand i Igesundvatn, Herøy kommune, Møre og Romsdal. Søknaden med vedlegg er lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den blir kunngjort av NVE i Vestlandsnytt og Sunnmørsposten. Dersom du ønskjer papirutgåve av søknaden kan du ta kontakt med Per-Arne Gjerdsbakk på tlf. 91 39 69 80 eller e-post: styret@heroy.vasslag.no.

Kva gjer du viss du ønskjer å uttale deg?

NVE ser helst at uttalar vert sendt elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som råd, og seinast innan

14.05.2021.

Det er også mogleg å sende uttalar per e-post til nve@nve.no og per post til NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Dersom de har problem med å rekke høyringsfristen på grunn av koronaviruset ber vi om at de snarast tek kontakt med saksbehandlar og søker om utsett høyringsfrist. De kan også finne informasjon om fristar på nettsidene våre: <https://www.nve.no/nytt-fra-nve/andre-nyhetssaker/nves-frister-gjelder-som-normalt-soknader-behandles-enkeltvis/>.

Uttalen eller deler av uttalen vil bli referert i eit endeleg vedtak. Dersom uttalen er lang, er det difor ein fordel om det vert laga eit samandrag som kan brukast til dette.

Informasjon til høyringspartane

Søknaden skal behandlast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Vi viser til vedlagt informasjonsark, som forklarar saksbehandlinga frå søknaden blir sendt på høyring og fram til endeleg vedtak. Her står det også kva vi ønskjer tilbakemelding om.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord

Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Skildring av tiltaket

Herøy vasslag SA søker om permanent senking av vasstand i Igesundvatn. For å oppnå tilstrekkeleg tryggleik ved dammen, etter dam sikkerhetsforskrifta, er det behov for ei permanent senking av HRV frå kote 121,05 til kote 119,2. Senking av vasstand skjer ved at det skal lagast ei 5 meter brei slisse i dagens dam. Anleggsarbeidet er rekna å ta om lag 3 månader og skal gjennomførast utanom hekketida for fugl. Under anleggsarbeida blir magasinet senka til kote 117,45 gjennom tappeventilar. Det skal også sleppast minstevassføring gjennom tappeventilane på minimum 3 l/s i anleggsperioden. Det blir også sleppt minstevassføring under oppfylling til ny HRV etter at arbeidet er avslutta.

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Ingvild Marie Dybwad
rådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Mottakerliste:

Forum for natur og friluftsliv Møre og Romsdal
Herøy kommune (Møre og Romsdal)
Møre og Romsdal fylkeskommune
Norges Miljøvernforbund
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL

Kopi til:

Herøy Vasslag SA